

Til Harry Finseth
Meland kommune

Vår ref.: P14063 Flatøy

Dato: 19.09.2017

Gjeld VA-løysing Flatøy

Syner til møte om områderegulering Flatøy på kommunehuset Frekhaug torsdag 7. september. I møtet vart det mellom anna diskutert ulike løysingar for avløpsvatn. Vi vart i møte oppmoda av kommunen om å fremje kva vi treng av kapasitet dei næraste åra som innspel til kommunen sitt arbeid med investeringsbudsjett for VA.

Utbygginga på Midtmarka vil skje i byggetrinn. For 1. byggetrinn med om lag 500 bustadar, barnehage og opning for skule må ein pårekna bygggestart ca. 2019/20. Utbyggingstakt vil avhenge av etterspurnad etter bustadar, men vil på det meste neppe overstige 100 bustadar i året. Samla utbygging i dei tre byggetrinna er sett til 3000 bustadeiningar og 75.000 kvadratmeter med næringsareal.

Frå kommunen si side vart det halde fram at korkje kapasiteten på slamavskiljaren på Søre Flatøy eller reinseteknologien var god nok til at dette anlegget kunne nyttast av framtidige bustadar på Midtmarka på permanent basis. Men kommunen meinte anlegget, med naudsynt nytt utsløppsløyve, kunne nyttast i ein overgangsperiode inntil fullgode alternativ var på plass. Det ville då krevje hyppigare tømning av anlegget.

Frå kommunen si side vart det presentert to permanente løysningar.

- Etablering av eit fullgodt reinseanlegg på Søre Flatøy som kunne ta unna all utbygging på Flatøy, inkludert ei framtidig utbygging på Søre Flatøy. Anlegget kunne byggjast ut trinnvis. Stod førebels ikkje på investeringsplanen.
- Påkopling til eit framtidig reinseanlegg på Kvassneset i Lindås kommune. Alt avløpsvatn frå Flatøy skulle då samlast ved dagens reinseanlegg for pumping til Kvassneset.

Uansett kva løysing som vert vald, må avløpsvatnet frå Midtmarka førast til Søre Flatøy.

I møtet lanserte utbyggjar på Midtmarka/Rotemyra, Vest-Land Eiendom AS ei løysing med eit bioreinsanlegg med kapasitet til å ta unna avløpsvatn frå det meste av det første byggjesteget. Kommunen er godt kjend med teknologien, men ønskjer ei løysing med kommunal reinsing av spillvatn.

Frå utbyggjar si side er det heilt avgjerande at det skjer ei avklaring knytt til framtidig reinsing av avløpsvatn frå den planlagde utbygginga på Midtmarka og Rotemyra. Om den permanente løysinga vert eit nytt kommunalt reinseanlegg på Søre Flatøy eller ei interkommunal løysing på Kvassneset, må vere opp til kommunen å avklare. Det avgjerande

no, er at det er løysingar på plass i 2019/20 som kan ta unna avløpsvatn frå utbygginga på Midtmarka.

Vår oppmoding til kommunen er å få til ei mellombels løysing med bruk av slamavskiljaren på Søre Flatøy inntil ei permanent løysning kan kome på plass. Det vil sikre at utbygginga på Midtmarka ikkje må vente på utbygging av eit større permanent anlegg. Samstundes er det sjølvsagt viktig at kommunen avklarar spørsmålet om permanent løysning så snøgt som råd, slik at det er mogleg å få aksept for ei mellombels løysing.

Når det gjeld vatn, legg vi til grunn at området kan bli forsynt slik det er vist i skissen til overordna VA-rammeplan for Flatøy utarbeidd i 2015.

Mvh
Gunnar Wiederstrøm
Opus Bergen AS